

<b>Sak nr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
32/19	Det faste planutvalet	14.05.2019

## OPPSTART RULLERING AV HANDLINGSPROGRAM FOR FYSISK AKTIVITET 2020-2023

**Det faste planutvalet**

**14.05.2019**

**Handsaming:**

Kultursjef Magne Fylling orienterte.  
Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

**Innstilling/vedtak:**

Det faste planutvalet vedtek å starte arbeidet med rullering av handlingsprogram for fysisk aktivitet 2020-2023.  
Planarbeidet skal gjennomførast i samsvar med fastsett framdriftsplan.

### Vedlegg

Evaluering av søknadsomgangen pr 15. jan 2019  
Oppgåve over utvalde høyringspartar  
Kommunedelplan for fysisk aktivitet 2013-2025

### Kort samandrag av saksutgreiinga

Det blir gitt store tilskot frå spelemiddelordninga til utbygging av anlegg for fysisk aktivitet.  
Saka no gjeld oppstart av årets rullering av handlingsprogrammet.

### Saksutgreiing

Kommunedelplan for fysisk aktivitet skal vise ei målretta satsing innanfor dette viktige området.  
Alle ordinære anlegg, og nærmiljøprosjekt over kr 600.000,-, må ha prioritert status i eit årleg rullert handlingsprogram, knytt til kommunens Kommunedelplan for fysisk aktivitet.

Søklarar om tilskot til ordinære anlegg for idrett og fysisk aktivitet kan t.d. vere

- Kommunar
- Idrettslag/organisasjonsledd i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite
- Samanslutningar organiserte under Norges Jeger- og fiskerforbund, Den norske Turistforening, Norges Bilspportforbund og Det frivillige Skyttervesen

For nærmiljøanlegg kan også burettslag og velforeiningar søkje tilskot. Vilkåret er at dei er registrert i

Einingsregisteret.

Det er i 2018 og 2019 søkt om spelemidlar til fire nærmiljøanlegg i Tusenårsparken ved Jentekolonien. Det er trimpark, klatreløype, lysanlegg og sti frå omsorgssenteret.

Status er at trimparken og klatreløypa fekk tilsegn i 2018, lysanlegget godkjent i 2018 med fornying i 2019, og stien ikkje godkjent pga at den ikkje oppfyller krav til lengde (min 500 m).

Prosjekta skulle gjennomførast som eit samarbeid mellom Skodje Lions og Skodje kommune. Skodje Lions har gitt tilbakemelding om at dei ikkje kan prioritere desse prosjekta no. Vi har derfor valt å utsetje ev opparbeiding, og har gitt fylkeskommunen melding slik at prosjekta ikkje blir prioritert ved tilsegn.

### **Vurdering**

Kommunen har ei viktig rolle i å gjere spelemiddelordninga kjent. Mange sentrale partar er derfor oppsett på ei eiga høyringsliste, sjå vedlegg til denne saka. Desse vil få plandokumenta tilsendt pr epost. Andre vil kommunen nå gjennom annonsering i aviser og på Skodje kommune sine heimesider. I tillegg vil det vere nødvendig å yte hjelp til sjølve søknadsprosessen, som kan vere krevjande dersom ein er ukjend med ordninga.

#### Føremålet med dette planarbeidet er derfor å:

- Legge til rette for utbygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet, både med informasjon om ordninga, og hjelp til søknadsskriving.
- Gjennomgang av handlingsprogram 2019-2022. I det ligg m.a. å klargjere status og resultat sidan siste rullering.
- Stimulere til og få oversikt over nye prosjekt.

#### Konsekvensar ved samanslåing av fem kommunar til ei frå 01.01.2020

Det har vore administrativ dialog mellom dei fem kommunane som skal slå seg saman til ei frå 01.01.2020.

Vi er i 2019 framleis eigne kommunar, og vil rullere handlingsplanane kvar for oss også i 2019. T.d. Ålesund har allereie starta rulleringa. Handlingsplanar utarbeidde i 2019 vil danne grunnlag for søknadsomgongen pr 15.01.2020.

Spørsmålet er så kva fylkeskommunen skal legge til grunn for prioritering av tilsegn i juni 2020. Som vi veit er det langt etterslep når det gjeld ordinære midlar, og det er heller ikkje alle godkjende søknader om nærmiljøanlegg som får tilsegn første året.

Må vi samordne handlingsplanane våre på etterjulsvinteren 2020 og lage ei prioriteringsliste over samla tal godkjente spelemiddelprosjekt frå alle fem kommunane? Eller kan prioriteringar basert på handlingsprogramma i 2019 til dei 5 kommunane kvar for seg også danne grunnlag for fylkeskommunen sine tilsegn i 2020?

Rådgjever om spelemidlar i fylkeskommunen, Hans Roger Tømmervåg, stadfester at vi kan vente med å lage ein felles plan for storkommunen til søknadsomgongen 15.01.2021.

Han stadfester også at utgangspunkt for fylkeskommunen si prioritering av tilsegn til godkjende spelemiddelsøknader i 2020, baserer seg på rullerte handlingsprogram i dei fem kommunane våre kvar for seg.

Vidare at vi startar tidleg i 2020 med rullering av «Handlingsplan for idrett og fysisk aktivitet 2021-2024 – nye Ålesund kommune.

**Framdriftsplan.**

Fasar i planarbeidet	Samarbeid og medverknad	Pol/adm handsaming	Framdrift
Oppstart av planarbeid	Politisk behandling og vedtak	Det faste planutvalet	Mai/juni
Oppstart av planarbeid	Varsel om oppstart – annonse Utvalde høyringspartar får særskilt varsel	Rådmannen	Mai/juni
Utarbeiding av forslag til handlingsprogram 2020-2023.	Administrasjonen	Rådmannen	Aug/sept
1. gongs handsaming av handlingsprogram	Politisk behandling og vedtak	Det faste planutvalet	Sept
Offentleg ettersyn handlingsprogram	Innspel frå lag og organisasjonar, idrettsråd og barnerepr.	Rådmannen	Okt/nov.(6 veker)
Innlemme merknader	Adm. behandling	Rådmannen	November
Eigengodkjenning av kommunedelplan	Politisk behandling og vedtak	Det faste planutvalet	November

**INNSTILLING:**
**Rådmannen si innstilling**

Det faste planutvalet vedtek å starte arbeidet med rullering av handlingsprogram for fysisk aktivitet 2020-2023.

Planarbeidet skal gjennomførast i samsvar med fastsett framdriftsplan.